

Søknad – Byregion Fase 2

Søknadsnr.	2015-0050	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Utviklingsprogrammet for byregioner fase 2 (2015-2017)			
Prosjektnavn	FOR EIGEN MASKIN			

Kort beskrivelse

Hallingdal skal utvikle eksisterende og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.

Fase 2 skal innehalde følgjande innsatsområde:

Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi

Vidareutvikling/nye arbeidsplassar

Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat

Tilby høgare relevant utdanning lokalt

Mogelegheiter med ny E16 til Hønefoss og Ringeriksbanen

Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktiv

Prosjektbeskrivelse

Med bakgrunn i m.a. Menon sin samfunnsanalyse, «FOR EGEN MASKIN», er det

definert følgjande hovudmål:

Hallingdal skal utvikle eksisterende og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.

Prosjektet er organisert rundt fem temaområda som Hallingdal ynskjer å gå vidare med. Mål, milepælar og aktivitetar vil vera knytt til desse og organisert som ulike prosjekt med egne ressursar:

- Analyse og vurdering av alle sentra i regionen med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur og/eller eit regionsenter, og utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat

- Vidare utvikling av ulike type veksthus, næringsklynger og interkommunalt samarbeid, basert på ein fleirkjernestruktur, for m.a. å skapa attraktive kompetansemiljø.

- Arbeide for permanent desentralisert høgskuleutdanning i Hallingdal innanfor nærare definerte fagområde.

- Ringverknadar/mogelegheiter med ny E16 til Hønefoss og Ringeriksbanen

- Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering

Prosjektet har prosjektperiode 2015 - 2017, med ein total kostand inkl. eigeninnstas på 6,6 mill.

Deltatt i fase 1 av Utviklingsprogrammet for byregioner: Ja

Vilkår i fase 1 er oppfylt.

Menon si samfunnsanalyse «FOR EGEN MASKIN», dannar grunnlaget for arbeidet i fase 2.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Hemsedal kommune Org.nr:964952701	Hemsedal 3560 HEMSEDAL	99287940
Kontakt- person	Knut Arne Gurigard	Hemsedal kommune 3560 HEMSEDAL	99287940
Prosjekt- leder	Knut Arne Gurigard	Hemsedal 3560 HEMSEDAL	99287940

Geografi

615-Flå, 616-Nes, 617-Gol, 618-Hemsedal, 619-Ål, 620-Hol

Spesifikasjon

Bakgrunn

Dei 6 kommunane i Hallingdal ynskjer å utvikle strategiar og setja i verk aktivitetar og tiltak for å møte utfordringar som m.a. er avdekkja gjennom den heilskaplege samfunnsanalysa i fase 1 av byregionprogrammet. Felles utfordringar i regionen gir tema for samarbeid inn i fase 2 av byregionprosjektet. Den felles prioriterte utfordringa som regionen står overfor er tett knytt opp mot at Hallingdal i stor grad må skapa sin eigen vekst. Lange avstandar og Hallingdal som ein noko isolert bu- og arbeidsmarknadsregion fører til at regionen må vidareutvikle seg som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion, m.a. gjennom å trekke på dei ressursane som allereie finns i regionen.

Situasjonen i dag gjer at moglegheitene til vekst fyrst og fremst er avgrensa gjennom jobbmarknaden. Den største trusselen er at Hallingdal stagnera eller forvitrar. Fråflytting, avgrensa vekstkraft innan nye og alternative arbeidsplassar og det å sikre nok framtidig arbeidskraft er tema regionen arbeidar aktivt med i prosessen.

Det at det ikkje er eit sterkt regionsenter i Hallingdal er sett på i fase 1 av prosjektet. Betydinga av ein tydeleg fleirkjernestruktur eller om det å bygge opp eit sterkare regionsenter på Gol er vegen å gå vart belyst, utan at det vart konkludert.

Fase 2 i byregionprogrammet er eit frittstående prosjekt samstundes som det blir sett i samanheng med Hallingdal sitt rekrutterings- og profileringsprosjekt og revidering av Strategisk plan for Hallingdal.

Prosjekt mål

Prosjektet har definert følgjande hovudmål:

Hallingdal skal utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.

Ut frå definerte innsatsområde er etterprøvbare delmål synleggjort. Dei fleste av desse kan følgjast og sjekkast i forhold til offentleg statistikk. Andre mål vil målast av Regionrådet for Hallingdal som følgjer utvikinga i Hallingdal tett og vil raskt kunne oppdage og identifisere effektar av arbeidet. Det er truleg at den fulle effekten vil komme frem over tid. Ei utfordring kan vera kva som påverkar kva. Det å klare å skilje ut effekten av programmet si satsing frå anna satsning, vil vera ei av dei største utfordringane når effektane skal målast.

Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi

Mål: Funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane. Klargjøre kvar enkelt kommune sin rolle.

Etterprøvbare delmål: Utarbeide strategisk plandokument. Vedtak i kommunane i Hallingdal.

Kartlegge økonomisk vekst (verdiskaping) utover forventa vekst.

Legge til rette for nytt næringsliv som kan tiltrekke seg yngre med høgare utdanning og fagbrev.

Mål: Større bredde i jobbtilbodet. Auka del arbeidsplasser som krev høgere utdanning/fagutdanning.

Fleire arbeidsplasser i næringar som etterspør høg utdanning/fagutdanning. Samordne fagmiljø i kommunal sektor

Etterprøvbare delmål: Fleire arbeidsplassar utover forventa vekst. Nyetableringar utover forventa vekst. Fleire arbeidsplassar i næringar med høg verdiskaping utover forventa vekst.

Vekst i tal på unge innbyggjarar. Samordning av fagmiljø i kommunal sektor

Tilby høgare relevant utdanning lokalt.

Mål: Det skal utviklast eit stabilt høgskulekonsept i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov.

Etterprøvbare delmål: Høgskuletilbod er på plass og studieplassar er etter definerte mål.

Utnytting av betra transportårer til Hallingdal med Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss.

Mål: Bygging av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss skal ved bevisst satsing gje ringverknadar for Hallingdal.

Etterprøvbare delmål: Fleire innbyggjarar. Fleire attraktive arbeidsplassar for yngre menneske.

Auka verdiskaping i næringslivet. Bedriftsetableringar

Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering.

Mål: Styrka profilering av Hallingdal.

Etterprøvbare delmål: Fleire unge innbyggjarar, flere yngre kvinner, flere «hyttehallingar» buset seg.

Hallingdal sitt bidrag til måloppnåinga i Byregionprogrammet er å utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning. På den måten skal verdiskapingspotensialet i regionen utløysast, samspelet blir styrka og økonomisk vekst blir skapt.

Funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur og/eller eit regionsenter er eit viktig grunnlag. Prosjektet vil utan tvil vera med å gje auka kunnskap om samspelet mellom by og omland.

Forankring

Hallingtinget (formannskapa i dei 6 kommunane i Hallingdal) har vore involvert i prosjektet og har gjort eige vedtak om deltaking fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar. Det blir og gjort vedtak i den einskilde kommune. Buskerud fylkeskommune er involvert i prosjektet og vidare prosess og støttar deltaking i fase 2, der også fylkeskommunen vil vera ein aktiv aktør i fleire av dei definerte innsatsområda. HallingExpo som det regionale næringsforumet er involvert og vil vera sterkt delaktig i det vidare arbeidet.

Prosjektet samsvarar svært godt med Buskerud fylkeskommune sin «Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling» og Strategisk plan for Hallingdal.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar er dei 6 kommunane i Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal skal ha prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet for Hallingdal er styringsgruppe. Utviklingsprogrammet skal samordnast med revidering av Strategisk plan for Hallingdal.

Kvart innsatsområde er definert som eigne delprosjekt.

Ved rekruttering av prosjektleiar vil det bli lagt vekt på:

- Relevant høgskule- eller universitetsutdanning
- Erfaring frå utviklingsarbeid, prosesser og prosjekt som arbeidsform
- Kjennskap til regional utvikling og samspel offentleg/næringsliv
- Initiativrik, kreativ, utatdventd og sjølvstendig, og ha gode samarbeidsevner, god på kommunikasjon og til å skapa engasjement.

I tillegg til kommunane vil næringslivet vera sterkt delaktig m.a. ved HallingExpo som det regionale næringsforumet. NHO, næringshagar/veksthus, aktuelle forskningsmiljø og høgskulemiljø vil vera sentrale aktørar. I tillegg er sjølvstøtt Byregionprogrammet sett på som ein ressurs og eit viktig nettverk.

Samarbeidspartnere

- Alle dei 6 kommunane i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, Hol) deltek i prosjektet både med direkte løyvingar og eigeninnsats.
- Regionrådet for Hallingdal deltek i prosjektet både med direkte løyvingar og eigeninnsats.
- Næringslivet i Hallingdal via HallingExpo deltek i prosjektet med direkte eigeninnsats.

- Buskerud fylkeskommune bidreg i prosjektet. Løyingar vil bli nærare avklara i forhold konkrete tiltak.

Aktiviteter

Hovudaktivitetar

- Prosjektleiing
- Møter, konferansar
- Nasjonale samlingar

Funksjonell arbeidsdeling

- Analysar og vurderingar med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur og/eller eit regionsenter.

- Lokal/regional prosess
- Handlingsplan

Vidareutvikling/nye arbeidsplassar

- Kunnskapsinnhenting
- Lokal/regional prosess
- Strateginotat
- Konkrete tiltak

Utvikle tilbod høgare utdanning

- Kartleggje relevante høgskuletilbod
- Avklaring samarbeidspartar
- Etablering av høgskuletilbod

Konsekvensar Ringeriksbanen og E16

- Scenarioanalyse ringverknadar for Hallingdal
- Ressursgruppe

Hallingdal2020

- Formalisert og kontinuerleg samarbeid

I prosjektplanen er det synt korleis aktivitetane er forankra i bakgrunn og problemstillingar og dei er synleggjort i kostnadsoverslaget.

Målgrupper

Sentrale målgrupper i prosjektet er:

- Næringslivet i Hallingdal
- Næringshagar/veksthus
- Kommunane
- Yngre hallingar og ungdom med hjarte for Hallingdal
- Kvinne 28
- Hyttehallingar

Målgruppene vil m.a. bli involvert via referansegrupper, prosjektgrupper, ulike målretta samlingar

Resultat

Prosjektet har definert følgjande hovudmål:

Hallingdal skal utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.

Resultatet av arbeidet skal vera fleire arbeidsplassar utover forventa vekst. Nyetableringar utover forventa vekst. Fleire arbeidsplassar i næringar med høg verdiskaping utover forventa vekst.

Fleire unge innbyggjarar, fleire yngre kvinner, fleire «hyttehallingar» buset seg.

Samordning av fagmiljø i kommunal sektor.

Høgskuletilbod er på plass og studieplassar er etter definerte mål.

I tillegg vil resultatet vera: Funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane. Klargjering av kvar enkelt kommune sin rolle.

Effekter

Resultata av prosjektet skal føre til følgjande effektar eller forandringar:

- Ei funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane og den einskilde kommune sin rolle er klargjort.
- Større breidde i jobbtilbodet.
- Fleire arbeidsplasser i næringar som etterspør høg utdanning/fagutdanning.
- Samordna fagmiljø i kommunal sektor
- Stabilt høgskulekonsept i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov.
- Fleire attraktive arbeidsplassar for yngre menneske.
- Auka verdiskaping i næringslivet. Bedriftsetableringar

- Styrka profilering av Hallingdal.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan/budsjett

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Felles kostnader	400 000	750 000	750 000	1 900 000
Funksjonell arbeidsdeling	600 000	400 000	300 000	1 300 000
Hallingdal 2020	100 000	100 000	100 000	300 000
Tilby høgare relevant utdanning lokalt		500 000	400 000	900 000
Utnytte ringverknadar ved bygging av Ringeriksbane	100 000	250 000	250 000	600 000
Vidareutvikling/nye arbeidsplassar	200 000	950 000	450 000	1 600 000
Sum kostnad	1 400 000	2 950 000	2 250 000	6 600 000

I prosjektplan er det detaljert kostnadsplan

«Kostnadene skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	SUM
Eigeninnsats	300 000	800 000	700 000	1 800 000
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Kommunane i Hallingdal		350 000	250 000	600 000
Regionrådet for Hallingdal	100 000	800 000	300 000	1 200 000
Sum finansiering	1 400 000	2 950 000	2 250 000	6 600 000

«Byregionens egenfinansiering skal spesifiseres, jf. punkt 4 i Utlysningen»

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Hallingdal, samfunnsanalyse.pdf	1 936 444	05.05.2015
Møtebok Hallingtinget, sak 05-15, 23.april 2015.pdf	128 399	05.05.2015
Prosjektplan Hallingdal, Byregionprogrammet fase 2.pdf	546 073	05.05.2015